

Lesekroken: Ulike måtar å forklare ord på

I artikkelen "Menneskets eldste venn" er nokre omgrep framheva og forklarte. Her får du tips til korleis du kan la elevane jobbe med ordforklaringar.

Nysgjerrigper-bladet 4-2020 med tilhørende oppgaver mot turkis bakgrunn

Teksten om hundar er frå Nysgjerrigper nr. 4-2020

Last ned materiellet til utskrift:

- [Lærarrettleiing og oppgåver \(PDF\)](#)
- [Artikkelen "Menneskets eldste venn?"](#)

Lærarrettleiing

I artikkelen "Menneskets eldste venn?" er tre omgrep framheva og forklarte i teksten. Desse står i sirklar på turkis bakgrunn. Dei tre omgrepa er *arktiske strøk*, *Sibir* og *kryssavl*. Alle tre er sentrale for å få med seg innhaldet i artikkelen. Det er fleire måtar å forklare ord på. I desse døma er det gjort på tre forskjellige måtar.

1: Definisjon med forklaringar

I beskrivinga av omgrepet arktiske strøk står det fyrst område langt nord i verda, rundt Nordpolen. Her er arktisk forklart med langt nord i verda, rundt Nordpolen.

arktisk = langt nord i verda, rundt Nordpolen

Strøk er forklart med eit synonym, eit ord som tyder omtrent det same, *område*

strøk = område

2: Synonym på heile omgrepet

I framhaldet av forklaringa står også kalla Arktis. Arktiske strøk er det same som Arktis (noko ein hører av at orda er nesten like)

arktiske strøk = Arktis

3: Skrive ei setning med omgrepet

I beskriving av *Sibir* står det i den andre setninga: *Dei nordlegaste delane av Sibir ligg i arktiske strøk*. Her nyttar ein ordet *Sibir* i ei setning der tydinga også kjem godt fram. Det er ein god måte å syne kva ordet tyder.

Jobb saman i klassen med den fyrste ordforklaringa, med *arktiske strøk*. Prøv å jobbe utforskande med at elevane sjølv skal sjå korleis ordet er forklart. Ikkje gje dei svaret med ein gong. Sjå deretter på *Sibir*. Kjenner dei igjen noko frå korleis det fyrste omgrepet blei forklart?

La elevane jobbe saman i grupper med den siste ordforklaringa, med ordet *kryssavl*. Korleis er ordet forklart her, med måte ein, to eller tre?

Svar:

1: Kryssavl = det å la to ulike rasar få ungar saman (i håp om at avkommet skal arve ulike gode eigenskapar frå foreldra). På førehand veit vi at *avl* = å få ungar saman, og å krysse er å pare to ulike rasar, altså er *kryss* = to ulike rasar. Siste del av setninga er ei grunngjeving for *kryssavl*.

3: Siste setning, **Gjennom kryssavl av hundar kan ein skape heilt nye hunderasar**, er eit døme på ei god setning der ein nyttar orde kryssavl. Ho inneheld ikkje ei forklaring.

Av Tuva Bjørkvold | Publisert 28 mai 2025

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 1 juni 2025, 09:17 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.